

Forslag til avtale mellom

Jondal kommune (JK)

og

Statens vegvesen Region vest (SVV) (på vegne av Hordaland fylkeskommune (HFK))

om delfinansiering av servicebygg på fv 550 Jondal ferjekai.

1 Grunnlaget for avtalen

Jondal kommune har vedteke reguleringsplan for utviding av oppstillingsplassen for køyretøy og eit servicebygg på fv 550 Jondal ferjeleie, jfr Jondal kommunestyre møte 11. desember 2013 sak KS-047/13.

Utviding av ferjeoppstillingsplassen er gjennomført.

I samband med fylkestinget si handsaming av 2016-budsjettet (f.t.sak PS 95/15) vart det vedteke at det vert sett av naudsynte midlar til kaiareal med servicebygg. Jondal kommune har utarbeid detaljplanar for eit nytt servicebygg på bruttoareal på ca 56 kvm der venterom/servicedel utgjer ca 41 kvm og toalettdel ca 15 kvm. I tillegg til bygget kjem opparbeiding av uteområdet rundt bygget inkl sjøfronten.

Denne avtalen er gjort gjeldande på bakgrunn av godkjenning av finansieringsopplegget vedteken i Jondal kommune, jfr sak og Hordaland fylkeskommune, fylkesutvalet

2 Formålet med avtalen

Denne avtalen gjeld finansiering av servicebygget, uteområdet og sjøfront. Føremålet er å gi dei reisande eit godt vente- og servicetilbod i knutepunktet Jondal ferjekai. Venterommet skal vere ope i tida på døgnet når ferjene er i drift.

3 Framdrift

Det ligg føre godkjent detaljplan for servicebygget inkl sjøfront. Jondal kommune vil vere byggherre for prosjektet. Prosjektet vil starte opp i slutten av 2016 og siktemålet er at det er ferdig medio 2017.

4 Finansiering

Kostnaden med prosjektet er førebels rekna til 6,5 mill. kr. Prosjektet skal finansierast på følgjande måte:

Finansieringskjelder	Mill kr
Jondal kommune	2,15
Nasjonale turistvegar (SVV)	0,65

HNH midlar	0,7
Hordaland fylkeskommune	3,0
Sum	6,5

Midlane frå fylkeskommunen vert overført når bygget står ferdig.

5 Kostnadsauke

Prosjektet er kostnadsrekna til 6,5 mill. kr. Dersom prosjektet vert dyrare enn føresett, skal meirkostnaden dekkast av byggherren, dvs Jondal kommune.

6 Ansvarstilhøve

Jondal kommune står som eigar av bygget og har ansvar for drifta inkl opning/stenging av venterommet. Kommunen fører rekneskap for prosjektet i samsvar med rekneskapssystemet som vert nytta i kommunen.

Arealet servicebygget står på vert overført frå HFK/SVV til Jondal kommune vederlagsfritt. Jondal kommune betalar kostnadene med oppmåling og overføring av grunn. Dersom det er aktuelt å avvikle servicebygget skal grunnen overførast til HFK/SVV vederlagsfritt dersom ikkje noko anna vert fastsett.

7. Tilskot til drift av servicebygget

Hordaland fylkeskommune yter eit årleg tilskot til drifta på 70 000 kr. Første tilskotsår er rekna frå 2017 og tilskotet vert rekna frå den månaden bygget vert opna. Det årlege tilskotet vert justert med konsumprisindeksen.

8. Lengda på avtalen

Denne avtalen gjeld til ein av partane seier den opp, med minstetid på 20 år. Deretter gjeld eit års varslng ved større endring eller oppseiing av avtalen.

Denne avtalen ligg føre i to underskrivne eksemplar, eitt hos kvar av partane

....., den

....., den

.....

.....

Statens vegvesen Region vest

Jondal kommune